

# Møtereferat

**Til:** Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

**Til stades:** Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller, Ingunn W. Jolma.

**Forfall:** Elisabet Salte, Linn Bæra

**Møteleiar:** Grete Müller, leiar for Linn Bæra

**Møtedato:** 12.05.2016

**Klokkeslett:** 10.00-15.00

**Møtenr:** 4/16

**Møtestad:** Helse Vest, Forus. Møterom Kjerag, 3. etg

**Arkivref:** -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
34/16	Referat frå førre møte i RBU godkjent.	Grete Müller
35/16	Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker.  <u>To saker til eventuelt:</u> <ol style="list-style-type: none"> <li>Møtekollisjon 1. september 2016</li> <li>«Uttalelse til regionalt brukarutvalg i Helse Vest» frå fylkeseldreråda, datert 4. mai 2016 – tas opp under sak 38/16, pkt. 4</li> </ol>	Grete Müller
36/16	Orientering frå sist styremøte 4. mai 2016  Grete har delteke i to styremøte i Helse Vest sidan sist RBU-møte; <a href="#">5. april</a> i Haugesund og <a href="#">4. mai</a> på Gardermoen. Følgjande blei nemnt frå desse møta: <ul style="list-style-type: none"> <li>Pasientomboda frå Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane presenterte sine årsmeldingar</li> <li>Det har vore ein auke i faste stillingar og nedgang i innleie av arbeidskraft. Helse Bergen har oppretta ein bemannings-pool som har vore ein suksess</li> <li>Utbygging av Haugesund sjukehus er vedteke vidareført til forprosjekt</li> <li>Det skal sjåast nærare på overbehandling, særleg innanfor ortopedi</li> <li>Tolketenesta må rustast opp for betre å kunne tene nye innvandrargrupper</li> </ul>	Grete Müller

37/16	<p>Referat og orientering frå interregionalt brukarutvalsmøte i Trondheim den 13.-14. april 2016</p> <p>Grete gjekk kort igjennom sakene som blei tatt opp i dette møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Møte med statssekretær Anne Grethe Erlandsen</li> <li>• Oppnemning av brukarrepresentantar i nasjonale prosjekt og selskap, og orientering frå nokre av desse møta</li> <li>• Nasjonale retningslinjer for tildeling av tilskot til brukarorganisasjonane</li> <li>• Reservasjonsrett versus samtykke</li> <li>• Orientering om arbeidet i Kvinnslandsutvalet</li> <li>• Status for arbeidet med nasjonale retningslinjer for brukarmedverknad i helseføretak</li> <li>• Ungdomsråd</li> </ul> <p>Notat frå møtet lagt ved.</p>	Grete Müller
38/16	<p>Brev/invitasjonar til brukarutvalet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Førespurnad frå Helse Vest om deltaking i arbeidsgruppe om språktreningstilbod</li> </ol> <p>Representanten frå RBU som hadde meldt seg til denne arbeidsgruppa ønskte å trekke seg. Det blir av den grunn sendt ein førespurnad til dei andre brukarutvala i Helse Vest med spørsmål om deltaking.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Førespurnad frå Helse Vest RHF om deltaking i arbeidsgrupper i samband med Helse2030</li> </ol> <p>Representanten som hadde meldt seg til gruppe 3 «Multisjuka pasientar» har meldt frå om at han ikkje kan stille. Det blir sendt ein førespurnad til dei andre brukarutvala i Helse Vest med spørsmål om deltaking.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>3. Førespurnad frå Helse Vest om deltaking i styringsgruppa til prosjekt om medikamentfri behandling i psykisk helsevern</li> </ol> <p>Anbjørg Hellestræ og Claus Ingebrigtsen ønskjer å delta i styringsgruppa.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>4. «Uttalelse til regionalt brukarutvalg i Helse Vest vedr. Representantskap» - brev frå dei</li> </ol>	Grete Müller

	<p>tre fylkeseldreråda til Helse Vest, datert 4. mai 2016. Dette brevet kom etter at innkallinga blei sendt ut, og var difor ikkje med i møteinnkallinga. Brevet vil bli lagt fram for styret i Helse Vest under skriv og meldingar i neste styremøte 20. juni 2016.</p> <p>Grete Müller deltek i dette styremøtet, og vil forbera ein uttale frå RBU til denne saka basert på innspel i RBU-møtet</p>	
39/16	<p>Orientering/gjennomgang av deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper.</p> <p>Oppdatert oversikt etter gjennomgang lagt ved.</p>	Grete Müller
11.30-12.00	<b>Lunsj</b>	
40/16	<p>Orienteringssak frå Harald Lindvik. Blir ikkje referatført etter ønskje frå Lindvik.</p>	Harald Lindvik
41/16	<p>Pasientreiser – informasjon om status (denne saka vart utsett frå førre møte).</p> <p>Presentasjon lagt ved.</p> <p>«Mine pasientreiser» er eit digitaliseringsprosjekt av reiseoppgjær utan rekvisisjon, som skal redusere administrasjonsoppgåver og gje kortare saksbehandlingstid. Lanseringsdato for «Mine pasientreiser» er no sett til 1. oktober 2016, og pasientreisekontoret for reiser utan rekvisisjon i vår region skal ligge i Helse Førde. Etter at den digitale ordninga er godt innarbeida skal ansvaret for pasientreisekontora overførast til Pasientreiser ANS (i løpet av 2017).</p>	Grete Müller
42/16	<p>Informasjon om leiarforum 19. mai 2016 (referat frå førre møte lagt ved)</p> <p>Leiarforum er ein møtearena for leiarar og nestleiarar av brukarutvala i regionen, og møteleiing og ansvar for referat vil rullere mellom brukarutvala. Leiarforum vil halde fire møte årleg, der dei vil ta opp saker som er aktuelle for alle brukarutvala i Helse Vest.</p>	Grete Müller
43/16	<p>Informasjon om arbeidet med indikatorar med føremål å redusere variasjon m.m. (sjå vedlegg)</p> <p>Grete informerte om møte i referansegruppa NFIM (Nasjonalt Forum for Indikatorutvikling og Metodeutveksling) den 22. april i Oslo. Desse indikatorane skal mogleggjere samanlikning på tvers</p>	Grete Müller

	<p>av sjukehus og regionar, mellom anna for å kunne sjå på variasjonar i liggetid i sjukehus og del dagbehandling/poliklinisk behandling. Dei to fyrste fagområda for analyse er psykisk helsevern og ortopedi. Vidare er fagområda hjertekirurgi, plastikk og øye foreslått som dei neste satsingsområda, men her er det mogleg å kome med innspel. Til hausten vil det også vere mogleg å kome med innspel frå dei regionale brukarutvala til det vidare arbeidet.</p>	
44/16	<p>Reservasjonsrett kontra samtykke i samband med kvalitetsregistre. Sak meldt inn frå Oddveig Birkeland.</p> <p>Den 13. april var det møte i Nasjonal kompetansetjeneste for leddproteser og hoftebrudd. Ein ordning med reservasjonsrett i staden for samtykke blei diskutert fordi mange hofteopererte gjerne er eldre med kognitiv svikt/reduert allmenntilstand, og dei har i stor grad problem med å settje seg inn i eit komplisert samtykkeskjema. Oddveig har utarbeida ein uttale frå RBU om dette, der RBU meiner at reservasjonsrett er meir føremålstenleg enn samtykkeskjema. RBU stiller seg bak forslaget frå Oddveig. (Forslaget lagt ved).</p> <p>Grete Müller vil følgje opp denne saka vidare, og mellom anna sjå nærare på korleis dette kan spelast inn nasjonalt for å få endra praksis.</p>	Grete Müller/Oddveig Birkeland
45/16	<p>Status for fellesmøtet mellom brukarutvala i august.</p> <p>Program for den 17. august er så godt som ferdig. Program for den 18. skal leiarar og nestleiarar av brukarutvala i Helse Vest jobbe meir med.</p>	Grete Müller/Kristin O. Lexow
46/16	<p>Eventuelt</p> <p>Claus Ingebrigtsen vil undersøke kva for dato rehabiliteringskonferansen skal vere på, og dersom konferansen skal være den 1. september så blir RBU-møtet denne dagen flytta til den 5. september 2016.</p>	Grete Müller

Neste RBU-møte er den 15. juni hos Helse Vest kl 10-15.